

**Fra:** Celik, Lisbeth Bygstad (lisbeth.bystad.celik@eidfjord.kommune.no)

**Sendt:** 02.08.2018 09:43:00

**Til:** Sigrid Furnes; Eidfjord folkeboksamling

**Kopi:** Ruth Ørnholst

**Emne:** SV: Biblioteket i Eidfjord - vidare planar

**Vedlegg:** image001.png;Oversikt byggekostnader bibliotek.xlsx

Hei

Me har jobba med å få ein kostandsoversikt knytt til byggtekniske ved endring av romstorleik både for foajen og biblioteket. I tillegg har me arbeidd med å få alternative pris til møbelering enn det som Unni Iwancuk har kome med då me ser at det ikkje er mogleg reint kostandsmessig.

Når byggteknisk i kommunen byrja å sjå på kva som må gjerast kom det opp ein ny utfordring. Kommunehuset er 40 år gamalt og ved å gjera inngrep i veggjar og tak, så kjem ventilasjon, branntekniske løysingar og elektriske løysingar som ikkje er godkjent TEK 17. Konsekvensar av dette er at me mest sannsynleg må renovera etter dagens standard ( TEK 17) noko som vil få kostandene ved ombygging til å verta høgare enn me hadde sett føre oss.

Me har hatt fleire interne møter der me har diskutert vidare framdrift, og landa på at neste steg er å få kartlegga ventilasjon, brann og elektriske utfordringar og kostandane med å oppdatere dette etter dagens standard. Me må leige inn ein fagkonsulent som skal ha ein gjennomgang og kome med eit kostnadsoverslag. Deretter vil det verta skreve sak til formannskapet/kommunestyret om økonomiske tilskot til prosjektet. Så får me sjå kva kommunestyret vel å gjera. Me forventar at både rapporten og sak til kommunestyret vil skje i løpet av hausten.

Oversikt over kostandsberekinga ligg i vedlegget. Hugs at de må gå til verktøylinja nederst xl arket for å finna dei ulike postane.

Me skal verta flinkare til å halde dykk oppdatert på framdrift.

Med venleg helsing

Lisbeth Bygstad Celik

-Kultursjef-

Eidfjord kommune

Epost: [lbc@eidfjord.kommune.no](mailto:lbc@eidfjord.kommune.no)

Tlf.arb. 53673592

Mobil: + 47 976 33 956

---

**Fra:** Sigrid Furnes [mailto:[Sigrid.Furnes@hfk.no](mailto:Sigrid.Furnes@hfk.no)]

**Sendt:** 12. januar 2018 17:43

**Til:** Celik, Lisbeth Bygstad; Eidfjord, Biblioteket

**Kopi:** Ruth Ørnholst

**Emne:** Biblioteket i Eidfjord - vidare planar

I dag har eg endeleg fått gått gjennom alle kommentarar, planteikningar og spesifikasjonar frå dykk og interiørarkitekt Unni Iwanczuk.

I tillegg til reviderte teikningar inkl. foajeen, har de fått fargespesifikasjonar, teikningar over dørropningar og plassbygde møblar og spesifisert inventarliste.

Eg vonar de er nøgde med det arbeidet Unni har levert i frå seg. Bruken av fargar er sprekt og spennande, og vil vere ein vesentleg del av særpreget i det nye biblioteket.

Det meste skal no vere på plass. De manglar nok ein belysningsplan, men det har ikkje vore ein del av bestillinga til BS Eurobib og interiørarkitekten. Det må ein nesten sjå på når ein ser kva som vert realisert av planane.

Og det er vi sjølv sagt interessert i å vete her på fylkesbiblioteket også.

Er det mogleg å få ein statusoppdatering og ei framdriftsplan for det vidare arbeidet?

Venleg helsing

**Sigrid Furnes**

Seniorrådgjevar

Kultur, idrett og regional utvikling | Fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 99 84 / 909 73 941

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)